<u>Til Sigmund.</u>

På brudlaups- og trettiårsdagen, den 9/8. 1952.

Tone Vikingebalken.

Under vaiande-flag og ved festprydde bord
er me samla med vener i lag.
Og du Sigmund skal få nokre velmeinte ord
på din brudlaups- og trettiårsdag.

Din "entrè" til vår heim var kje gjestebod just,
men ein lang og anstrengjande mars.
Men du greidde deg fint, og ein dag i august
kom du spildrande naken til gards.

Du var ættvill, og visste kje inn eller ut,
og fann verdi uhorveleg stor - -.
Tröytt og mödd etter reisi du somna tilslutt
ved det kjærlege brystet hjå mor.

4.

Ari rann som ein foss. Du fekk leva og vaks.
Og du dröymde om bilmekanikk.
Du vart burtimot "klyppar" med kamm og med saks,
og på mangen ein lugg fekk du skikk.

5.

Kan du hugsa du låg etter reven på lur,
med ei teina av netting du batt ?
Men den likaste fangsten du fekk i ditt bur
var - so vidt me kan minnast - ein katt.

6.

Skulen kom du deg frå utan bulder og bal.
Du sat kurande still på din sess.
Tok eksamen med beine og skaplege tal.
Friminuttane tok du med S.

7.

I frå slöydkurs, til Frekhaug gjekk sidan di ferd.
So om Sörheim og Nerheim du sveiv.
Fekk deg fine papir, vart so bort imot "lærd".
Og ei hjelpeleg handskrift du skreiv.

8.

Men no fann det deg att, det du ynskte som gut :
å få bala med bil og motor.
Du fekk bod frå ein kjenning, og budde deg ut.
Til ein verkstad på Ulven du for.

9.

Du vart "heimevernskar", fekk "mundering" og hjelm,
og Krag-Jörgensenrifla i hand
til ei vakt mot kvar utkropen utanlandsk skjelm
som hev vondsinna plan mot vårt land.

1o.

Denne rifla, ho vart deg ein god kamerat.
I <u>det</u> selskap du slo deg til tåls.
Ho vart pussa og stellt, og du gav henne mat,
og de hjelptest å sjota til måls.

11.

Du skaut over - og bom, og til sides - og bom - -.
Håka blinken med bet og med bal,
so til sist både staup og medalje her kom,
og ein lut i ein vandrepokal.

12.

Nyst me såg deg som målar, med kost og med pös,
og som smed attmed jarnet so svart,
Og i hand "autogenen" med flamme og frös. Du hev greia på noko av kvart.

Til Sigmund på bryllups og 30årsdagen

-13-

Men kva er vel ein mann utan kona ell' möy?
Som eit hjelpelaust skip utan ror!
Han er einsam som Robinson var, på si öy!
Som ein Mjölnar på ferd - utan Tor!

-14-

Denne lagnad du slapp, for ei gjenta du fann
som var viljug å verta ditt viv.
På din 30årsdag vart du brudgom og mann,
og ho Oddny so blid om deg sviv.

15

Me vil ynskja deg sol på din årmålsdag!
og tillukka med kona og heim!
Må i kjarleg og truskap de una i lag,
og dra lasset med einskapens reim!

„Närpårörande"

Sjå Opningsdikt
under